




Høgskolen i Telemark

Fakultet for allmennvitenskaplege fag

SLUTTEKSAMEN

Emnekode:	6030
Emnenamn:	Finansrekneskap med konsern
Studiepoeng for emnet:	7,5
Omfang av denne eksamenen i % av heile emnet:	100 %
Eksamensdato:	02.01.2013
Eksamensstad:	Bø
Lengde/tidsrom:	4 timar (09:00 – 13:00)
Målform:	Bokmål/nynorsk
Ant. sider inkl. framside	7 sider + 2 vedlegg
Tillatne hjelpemiddel:	Revisors håndbok Lovsamling eller særtrykk av enkeltlover Kopier/utskrifter av Regnskapsstandarder (NRS) Kalkulator og rentetabeller.
Merknader:	Vedlagt løsningsark kan benyttes. Innleveres kun i ett eksemplar. Husk kandidatnummer.
Ant. vedlegg:	Løsningsark for oppgave 1 (2 eksemplarer)

Eksamensresultat finn du etter sensurfall ved å logge deg inn med brukarnamn og passord på StudentWeb (hit.no)



Bokmål

Generelt

Hvor det foretas vurderinger i forhold til bestemmelser i regnskapslov eller regnskapsstandarder (NRS), skal det gis referanse til aktuell bestemmelse. Det bør også refereres til bestemmelser, der disse er vurdert, selv om de ikke kommer til anvendelse.

OPPGAVE 1. (40 %)

Mor AS kjøpte den 02.01.2011 90 % av aksjene i Datter AS for 11.000.

Balansetall for virksomhetene var pr 01.01.2011:

	Mor AS	Datter AS
Eiendeler		
Anleggsmidler		
Aksjer i Datter AS	10 000	
Tomter	3 000	1 000
Bygninger	15 000	7 000
Andre varige driftsmidler	4 000	3 500
Omløpsmidler		
Varelager	2 400	2 100
Aksjer	500	300
Andre omløpsmidler	1 600	1 100
Sum eiendeler	36 500	15 000
Egenkapital og gjeld		
Egenkapital		
Aksjekapital	8 000	2 500
Annen egenkapital	10 000	6 500
Langsiktig gjeld		
Utsatt skatt	1 500	500
Pantelån	14 500	4 000
Kortsiktig gjeld		
Diverse kortsiktig gjeld	2 500	1 500
Sum egenkapital og gjeld	36 500	15 000

Ved fastsettelsen av kjøpesummen ble det lagt til grunn avvik mellom bokført verdi og virkelig verdi på følgende eiendeler i balansen til Datter AS:

- Merverdi i Tomter 600

- Merverdi i Bygninger 600
- Merverdi i Andre varige driftsmidler 500
- Merverdi i Varelager 600
- Merverdi i Aksjer (omløpsmidler) 300

Det skal utarbeides en mer-/mindreverdianalyse på konsernetableringstidspunktet. Ved beregningen skal en se bort fra skattemessig effekt knyttet til Merverdier i aksjer. For øvrig skal skatt beregnes etter en sats på 28 %.

- 1) Sett opp analysen i henhold til God regnskapsskikk der Goodwill behandles etter "eiersynet" (kun med majoritetens andel).

Selskapet er pålagt å utarbeide konsernregnskap for 2011. Vi får opplyst følgende forhold som kan ha betydning for konsolideringen:

- a. Goodwill skal balanseføres etter "eiersynet" og avskrives lineært over 5 år.
 - b. Ved utgangen av 2011 er gjenvinnbart beløp for tomter i Datter AS vurdert til 1.650.
 - c. Bygninger tilhørende Datter AS avskrives lineært i selskapsregnskapet. Gjenværende avskrivningsperiode pr 01.01.2011 var 20 år. Gjenvinnbart beløp for bygningene er vurdert til 7.800 ved utgangen av 2011.
 - d. Andre varige driftsmidler i Datter AS avskrives over gjenværende periode på 5 år. Det er ikke grunnlag for nedskrivning.
 - e. Datter AS har ikke solgt eller kjøpt aksjer i løpet av året. Aksjene er ikke børsnoterte. Virkelig verdi pr 31.12.2011 er estimert til 550.
 - f. Datter AS kjøpte den 01.03.2011 en maskin fra Mor AS for 1.000 vurdert til markedspris. Denne maskinen hadde Mor AS kjøpt for 1.500, og avskrevet lineært med 10 % pr år, slik at balanseført verdi pr 01.01.2011 var 1.100. Datter AS har i sitt selskapsregnskap for 2011 avskrevet maskinen lineært basert på en gjenværende levetid på 6 år.
 - g. I 2011 har Datter AS solgt varer til Mor AS for i alt 1.600. Kjøpesummen er betalt. Datter AS hadde kjøpt varene inn for 1.300. Alle varene er solgt videre ut av konsernet for 1.900.
 - h. I 2011 har Mor AS solgt et vareparti til Datter AS for 500. Kjøpesummen er ikke betalt. Mor AS hadde kjøpt varene inn for 300. Datter AS har solgt 60 % av varene videre ut av konsernet for 400. Resten av varene er balanseført som lager hos Datter AS. Virkelig verdi på dette varelageret er estimert til 320.
 - i. Varelager i Datter AS pr 01.01.2011 er solgt ut av konsernet i løpet av året.
 - j. I selskapsregnskapene for 2011 har Mor AS et årsoverskudd på 2.400, og Datter AS et årsoverskudd på 1.900.
 - k. Ingen av selskapene har avsatt utbytte for 2011.
- 2) Foreta elimineringsregninger som danner grunnlag for utarbeidelse av konsernregnskapet med henvisning til hvilke regnskapslinjer i resultatregnskap og balanse som blir berørte. Ved eliminering av urealisert intern fortjeneste skal elimineringen henføres til kjøpende selskap. Vedlagt løsningsark kan benyttes.
 - 3) Ta utgangspunkt i årsresultatene fra selskapsregnskapene og elimineringsregningene under spm. 2), og beregn konsernets årsresultat før og etter minoritetsinteresser.

- 4) Beregn Minoritetsinteressene i konsernregnskapets balanse pr 31.12.2011.

OPPGAVE 2. (25 %)

I denne oppgaven skal en se bort fra skatt og Merverdiavgift.

Veg & Tunnel AS, som utarbeider regnskap etter regnskapslovens ordinære regler, har inngått kontrakt på bygging av en tunnel. Kontraktsummen utgjør 60,0 MNOK. Byggeperioden er fra 01.10.2010 til 31.10.2012.

Ved kontraktsinngåelsen er samla kontraktskostnader estimert til 54,0 MNOK.

I 2010 påløp det 6,0 MNOK i kontraktskostnader. På grunn av usikkerhet ved prosjektets inntjening blei kontrakten bokført uten fortjeneste. Det var fakturert og mottatt 6,5 MNOK.

1. Foreta nødvendige beregninger, og vis hvordan kontrakten påvirker selskapets resultatregnskap og balanse for 2010.

I 2011 påløp det ytterligere 29,0 MNOK i kontraktskostnader. Pr 31.12.2011 foreligger et nytt estimat på totale prosjektkostnader på 57,0 MNOK. I løpet av 2011 er det fakturert og mottatt 30,0 MNOK.

2. Foreta nødvendige beregninger, og vis hvordan kontrakten påvirker selskapets resultatregnskap og balanse for 2011.

I 2012 avsluttes prosjektet og resterende kontraktsum blir fakturert. På grunn av forsinkelse trekker oppdragsgiver fra 0,3 MNOK i dagbøter. Det påløper 22,4 MNOK i prosjektkostnader i 2012.

3. Foreta nødvendige beregninger, og vis hvordan kontrakten påvirker selskapets resultatregnskap og balanse for 2012.

OPPGAVE 3. (20 %)

- a) Forklar hvilke ulike metoder for balanseføring av aksjer i datterselskap som er tillatt etter God regnskapsskikk i morselskapets selskapsregnskap.
- b) Drøft hvordan valg av metode vil påvirke morselskapets resultatregnskap og egenkapital.
- c) Drøft hvilke muligheter morselskapet har til å endre metode, og redegjør for hvordan en endring skal behandles i regnskapet.

OPPGAVE 4. (15 %)

Et selskap har utarbeidet budsjett for 2013 som viser et betydelig underskudd.

Drøft hvilke vurderinger selskapet må foreta i forbindelse med regnskapsavleggelsen for 2012.

Nynorsk

Generelt

Når det foretas vurderingar i forhold til bestemmelser i regnskapslov eller rekneskapsstandardar (NRS), skal det gis referanse til aktuell bestemmelse. Det bør også refererast til bestemmelser, der desse er vurdert, sjølv om dei ikkje blir bruka.

OPPGÅVE 1. (40 %)

Mor AS kjøpte den 02.01.2011 90 % av aksjane i Datter AS for 11.000.

Balansetall for verksemdene var pr 01.01.2011:

	Mor AS	Datter AS
Eigendeler		
Anleggsmidler		
Aksjar i Datter AS	10 000	
Tomter	3 000	1 000
Bygningar	15 000	7 000
Andre varige driftsmidler	4 000	3 500
Omløpsmidlar		
Varelager	2 400	2 100
Aksjar	500	300
Andre omløpsmidlar	1 600	1 100
Sum eigendeler	36 500	15 000
Eigenkapital og gjeld		
Eigenkapital		
Aksjekapital	8 000	2 500
Annen eigenkapital	10 000	6 500
Langsiktig gjeld		
Utsatt skatt	1 500	500
Pantelån	14 500	4 000
Kortsiktig gjeld		
Diverse kortsiktig gjeld	2 500	1 500
Sum eigenkapital og gjeld	36 500	15 000

Ved fastsettelsen av kjøpesummen blei det lagt til grunn avvik mellom bokført verdi og verkeleg verdi på følgjande eigendeler i balansen til Datter AS:

- Meirverdi i Tomter 600

- Meirverdi i Bygningar 600
- Meirverdi i Andre varige driftsmidlar 500
- Meirverdi i Varelager 600
- Meirverdi i Aksjar (omløpsmidlar) 300

Det skal utarbeidast ei meir-/mindreverdianalyse på konsernetableringstidspunktet. Ved berekningen skal ein sjå bort frå skattemessig effekt knytt til meirverdiar i aksjar. Elles skal skatt bereknast etter ein sats på 28 %.

- 1) Sett opp analysen i samsvar med God regnskapsskikk der Goodwill behandlast etter "eigarsynet" (bare med majoritetens del).

Selskapet er pålagt å utarbeide konsernregnskap for 2011. Vi får opplyst følgjande forhold som kan ha betydning for konsolideringa:

- a. Goodwill skal balanseførast etter "eigarsynet" og avskrivast lineært over 5 år.
 - b. Ved utgangen av 2011 er gjenvinnbart beløp for tomter i Datter AS vurdert til 1.650.
 - c. Bygningar tilhørande Datter AS avskrivast lineært i selskapsregnskapet. Resterande avskrivingsperiode pr 01.01.2011 var 20 år. Gjenvinnbart beløp for bygningane er vurdert til 7.800 ved utgangen av 2011.
 - d. Andre varige driftsmidlar i Datter AS avskrivast over resterande periode på 5 år. Det er ikkje grunnlag for nedskriving.
 - e. Datter AS har ikkje selt eller kjøpt aksjar i løpet av året. Aksjane er ikkje børsnoterte. Verkelig verdi pr 31.12.2011 er estimert til 550.
 - f. Datter AS kjøpte den 01.03.2011 ein maskin frå Mor AS for 1.000 vurdert til marknadspris. Denne maskina hadde Mor AS kjøpt for 1.500, og avskrive lineært med 10 % pr år, slik at balanseført verdi pr 01.01.2011 var 1.100. Datter AS har i sitt selskapsrekneskap for 2011 avskrive maskina lineært basert på ei resterande levetid på 6 år.
 - g. I 2011 har Datter AS selt varer til Mor AS for i alt 1.600. Kjøpesummen er betalt. Datter AS hadde kjøpt varene inn for 1.300. Alle varene er selt vidare ut av konsernet for 1.900.
 - h. I 2011 har Mor AS selt eit vareparti til Datter AS for 500. Kjøpesummen er ikkje betalt. Mor AS hadde kjøpt varene inn for 300. Datter AS har selt 60 % av varene vidare ut av konsernet for 400. Resten av varene er balanseført som lager hos Datter AS. Verkeleg verdi på dette varelageret er estimert til 320.
 - i. Varelager i Datter AS pr 01.01.2011 er selt ut av konsernet i løpet av året.
 - j. I selskapsrekneskapa for 2011 har Mor AS eit årsoverskot på 2.400, og Datter AS eit årsoverskot på 1.900.
 - k. Ingen av selskapa har sett av til utbytte for 2011.
- 2) Foreta eliminerings som dannar grunnlag for å utarbeide konsernrekneskapet med referanse til kva rekneskapslinjer i resultatrekneskap og balanse som blir påverka. Ved eliminering av urealisert intern fortjeneste skal elimineringa førast til kjøpande selskap. Vedlagt løysningsark kan nyttast.
 - 3) Ta utgangspunkt i årsresultata frå selskapsrekneskapa og elimineringene under spm. 2), og rekn ut konsernets årsresultat før og etter minoritetsinteresser.

- 4) Rekn ut Minoritetsinteressene i konsernrekneskapets balanse pr 31.12.2011.

OPPGÅVE 2. (25 %)

I denne oppgåva skal ein sjå bort frå skatt og Meirverdiavgift.

Veg & Tunnel AS, som utarbeider rekneskap etter rekneskapslovens ordinære regler, har inngått kontrakt på bygging av ein tunnel. Kontraktsummen utgjør 60,0 MNOK. Byggeperioden er frå 01.10.2010 til 31.10.2012.

Ved kontraktsinngåinga er samla kontraktskostnader estimert til 54,0 MNOK.

I 2010 var kontraktskostnadane 6,0 MNOK. På grunn av usikkerhet ved prosjektets inntening blei kontrakten bokført utan fortjeneste. Det var fakturert og mottatt 6,5 MNOK.

1. Foreta nødvendige utrekningar, og vis korleis kontrakten påverkar selskapets resultatrekneskap og balanse for 2010.

I 2011 var kontraktskostnadane 29,0 MNOK. Pr 31.12.2011 ligg det føre eit nytt estimat på totale prosjektkostnader på 57,0 MNOK. I løpet av 2011 er det fakturert og mottatt 30,0 MNOK.

2. Foreta nødvendige utrekningar, og vis korleis kontrakten påverkar selskapets resultatrekneskap og balanse for 2011.

I 2012 blir prosjektet avslutta og resterende kontraktsum blir fakturert. På grunn av for sein ferdigstilling trekker oppdragsgivar frå 0,3 MNOK i dagsbøter. Det er bokført 22,4 MNOK i prosjektkostnader i 2012.

3. Foreta nødvendige utrekningar, og vis korleis kontrakten påverkar selskapets resultatrekneskap og balanse for 2012.

OPPGAVE 3. (20 %)

- a) Forklar kva for ulike metodar for balanseføring av aksjar i dotterselskap som er tillatne etter God rekneskapsskikk i morselskapets selskapsrekneskap.
- b) Drøft korleis val av metode vil påverke morselskapets resultatrekneskap og eigenkapital.
- c) Drøft kva for muligheiter morselskapet har til å endre metode, og gjer greie for korleis ein endring skal behandlast i rekneskapet.

OPPGAVE 4. (15 %)

Eit selskap har utarbeidet budsjett for 2013 som viser eit betydelig underskot.

Drøft kva for vurderingar selskapet må foreta i forbindelse med utarbeiding av rekneskapet for 2012.



